



Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 19/521-5

Oppfølging av arbeidet i kontrollutvalet 6. mai 2019

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. oppfølgingsliste 3 – 2019 vert teken til vitande

Vedlegg:

- Oppfølgingsliste 3 - 2019

Andre relevante dokument i saka:

Dokument som ikkje vert lagt ved som vedlegg, men som føl saka.

SAKSFRAMSTILLING

Sekretariatet for kontrollutvalet skal, etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20, 2. ledd sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Kontrollutvalet har dei seinare åra fått seg førelagt ei sak om oppfølging av saker som utvalet har handsama tidlegare og som enten ikkje er avslutta, eller som vart avslutta i førre møtet. Dei sakene som er merka med **AVSLUTTA** vert ikkje med på neste utgåve av oppfølgingslista.

Utvalet får i denne saka oppfølgingsliste 3 - 2019 til handsaming. Lista er oppdatert etter kontrollutvalsmøtet 1. april 2019.

I tillegg til oppfølgingslista vil utvalet få ei sak med oversikt over forvaltningsrevisjonar med status og oppfølgingsdataar. Denne lista vert lagt fram for utvalet eit par gongar kvart år.

Resultatet av dette er at kontrollutvalsmedlemmane til ei kvar tid har oversikt over dei sakene som utvalet har til handsaming og til oppfølging.